



# KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

## MØTEPROTOKOLL

Møte nr:	5/20
Møtedato:	22.09.2020
Tid:	Kl. 11.00 – kl. 14.30
Møtestad:	Kommunestyresalen, Aukra kommunehus
Sak nr:	31/20 – 38/20
Møtleiar:	Oddvar Hoksnes, leiar (Krf)
Møtande medlemmer:	Oddbjørg Sporsheim, nestleiar (V) Wilhelm Andersen (Ap) Ingen
Forfall:	Anita Hoøy Rekkavik (Ap) Grant Solem (Frp)
Ikkje møtt:	Ingen
Møtande vara:	Jørn Anders Thomassen (Sv) Kristoffer J. Rød
Frå sekretariatet:	Sveinung Talberg, rådgjevar
Frå revisjonen:	Ronny Rishaug, oppdragsansvarlig regnskapsrevisor
Av øvrige møtte:	Geir Janos Gøncz, kommunalsjef plan og utvikling – sak 36/20

Leiaren ønska velkommen og leia møtet. Det framkom ingen merknader til innkalling og sakliste. Innkalling og sakliste vart godkjent. Leiar deltok under handsaming av sak 31/20, 32/20, 33/20, 34/20, 35/20, 36/20 og måtte forlate møtet under handsaming av sak 37/20 og 38/20. Nestleiar leia møtet under sak 37/20 og 38/20. Det var ikkje aktuelt å kalle inn vara, då alle varamedlemene allereie var innkalla. Utvalet var vedtaksfør.

### TIL HANDSAMING:

#### UTV. SAKSNR.    TITTEL

PS 31/20	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 11.AUGUST 2020
PS 32/20	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 33/20	FORSLAG TIL BUDSJETT 2021 - KONTROLLARBEIDET I AUKRA KOMMUNE
PS 34/20	FORSLAG TIL PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2020-2023 – AUKRA KOMMUNE
PS 35/20	FORSLAG TIL PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2020-2023 – AUKRA KOMMUNE
PS 36/20	UTTALE FRÅ REVISJONEN OM FORENKLA KONTROLL MED ETTERLEVINGA AV ØKONOMIFORVALTNINGA I AUKRA KOMMUNE 2020
PS 37/20	REVISJONS- OG KOMMUNIKASJONSPLAN 2020 – AUKRA KOMMUNE
PS 38/20	OPPFØLGINGSLISTE – AUKRA KOMMUNE

**Kontrollutvalet sitt vedtak**

Protokollen frå møte 11.august 2020 vert godkjend.

Til å signere protokollen frå 11.august 2020 vert valt:

1. Wilhelm Andersen
2. Oddbjørg Sporsheim

**Kontrollutvalet si handsaming**

Leiar fremma forslag om at protokollen frå møtet 11.august 2020 vert godkjent og at Wilhelm Andersen og Oddbjørg Sporsheim blir valt til å underskrive protokollen.

Kontrollutvalet fatta einstemmig vedtak i samsvar med framlegg framsett i møtet av leiar. (5 voterande)

**Sekretariatet si tilråding**

Protokollen frå møtet 11.august 2020 vert godkjend.

Til å signere protokollen frå møtet 11.august 2020 vert valt:

1. ....
2. ....

**Kontrollutvalet sitt vedtak**

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

**Kontrollutvalet si handsaming****Referatsaker:**

- RS 35/20      **PS 48/20 - Val av nytt midlertidig varamedlem i kontrollutvalet**  
Protokoll frå Aukra kommunestyre 03.09.2020 (vedlagt)
- RS 36/20      **PS 49/20 - Rekneskap og årsmelding 2019**  
Protokoll frå Aukra kommunestyre 03.09.2020 (vedlagt)
- RS 37/20      **PS 55/20 - Ny avtale om interkommunal barnevernteneste**  
Protokoll frå Aukra kommunestyre 03.09.2020 (vedlagt)
- RS 38/20      **PS 56/20 - Samarbeidsavtale og administrative vedtekter for Romsdal Interkommunale utvalg mot akutt forurensing (RIUA)**  
Protokoll frå Aukra kommunestyre 03.09.2020 (vedlagt)
- RS 39/20      **PS 58/20 - Medeigarskap i Helseinnovasjonssenteret AS**  
Protokoll frå Aukra kommunestyre 03.09.2020 (vedlagt)

- RS 40/20 **Kommunestyret sin instruksjonsrett for medlemmane i representantskap i eit interkommunalt selskap IKS**, Artikkel frå Jan F. Bernt videresendt frå RIR 24.6.2020 (vedlagt).
- RS 41/20 **Svar på spørsmål om tolking av kommunelova § 23-5**, brev datert 4.8.2020 frå Kommunal og Moderniseringsdepartementet til Forum for kontroll og tilsyn (FKT) (vedlagt)
- RS 42/20 **Årsmøte Møre og Romsdal Revisjon SA**, møteinnkalling og protokoll frå møte 19.06.20 (vedlagt)
- RS 43/20 **Protokoll frå styremøte i Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal 24.8.2020** (vedlagt)
- RS 44/20 **Svar på spørsmål av 17.08.2020 om fjernmøter**, e-post datert 26.8.2020 frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal til Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal (vedlagt).

#### **Orienteringssaker:**

- OS 20/20 **RS 37/20 - Aukra kommune - oppmoding om lovlegkontroll etter kommunelova – møtelukking**, Aukra kommunestyre 03.09.20.  
Brev frå Audhild Mork, 25.06.2020 (vedlagt)  
Brev frå Fylkesmannen, 13.07.2020 (vedlagt)
- OS 21/20 **RS 38/20 - Ad. oppmoding om lovlegkontroll etter kommunelova - Møtelukking**, Aukra kommunestyre 03.09.20.  
Svar frå Ordførar, 04.08.2020 (vedlagt)
- OS 22/20 **RS 39/20 - Aukra kommune - svar på oppmoding om lovlegkontroll etter kommunelova**, Aukra kommunestyre 03.09.20.  
Svar frå Fylkesmannen, 21.08.2020 (vedlagt)
- OS 23/20 **Klagenemda for offentlige anskaffelser, klagenemdssekretariatet – Sak 2018/233 Aukra kommune** (vedlagt)
- OS 24/20 **Arbeidsrettssak i Romsdal Tingrett – usakleg oppseiing i Aukra kommune** (vedlagt)  
Kontrollutvalet registrer avgjerda og dommen og vil til neste møte ha ei orientering frå kommunedirektøren om korleis delegasjonsreglementet er utforma og vert praktisert i kommunen. Særleg relatert til denne saka og personalområdet
- OS 25/20 **Verksemdsbesøk hos Aukra omsorgssenter 22.09.2020.**  
Det vert utarbeidd referat frå verksemdsbesøket som vart gjennomført av kontrollutvalet frå kl. 0930-1100.
- OS 26/20 **Henvending til kontrollutvalet**  
Leiar og sekretær gjorde greie for ei konkret henvending til kontrollutvalet om:  
1. Kommunen sine rutiner for post- og journalføring.  
2. Klage på vedtak/sakshandsaming.  
Vedkomande har ikkje fått svar på sine hendingar og vender seg til kontrollutvalet med spørsmål om kommunen sine rutiner for post- og journalføring. Kontrollutvalet vil spørje kommunedirektøren korleis rutinene er, og korleis ein innrettar seg når kommunen sine sakshandsamarar får post/epost direkte sendt til seg. Kontrollutvalet registrerer at henvendinga gjeld klage på sakshandsaming til kommunen og ikkje

klage på eit vedtak etter forvaltningslova. Kontrollutvalet vil underrette vedkomande om at klage på sakshandsaminga kan rettast til Fylkesmannen.

Leiar og sekretær gjekk igjennom sakene.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

### **Sekretariatet si tilråding**

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

<b>PS 33/20</b>	<b>FORSLAG TIL BUDSJETT 2021 - KONTROLLARBEIDET I AUKRA KOMMUNE</b>
-----------------	---

### **Kontrollutvalet sitt vedtak**

Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for 2021 med ei netto ramme på kr 1 123 000 inkludert kjøp av revisjonstenester og sekretariatstenester for kontrollutvalet, vert vedteke.

### **Kontrollutvalet si handsaming**

Sekretæren gjorde greie for innhaldet og bakgrunnen for budsjettet.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

### **Sekretariatet si tilråding**

Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for 2021 med ei netto ramme på kr 1 123 000 inkludert kjøp av revisjonstenester og sekretariatstenester for kontrollutvalet, vert vedteke.

<b>PS 34/20</b>	<b>FORSLAG TIL PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2020-2023 – AUKRA KOMMUNE</b>
-----------------	--

### **Kontrollutvalet sitt vedtak**

1. Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til Aukraa kommune sin plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2023, med følgjande tema:
  - Barn og unge, herunder barnevern
  - Spesialundervisning
  - Verksemda i kommunen sine selskap
2. Kontrollutvalet gjennomfører ein avgrensa kontroll for å vurdere om det er behov for å gjennomføre forvaltningsrevisjon i nokre av kommunen sine selskap eller interkommunale samarbeid. Om kontrollen syner et slikt behov, kan kontrollutvalet velge å prioritere å gjennomføre forvaltningsrevisjon i slike selskap og samarbeid.
3. Kontrollutvalet får fullmakt til å prioritere rekkefølga mellom tema for forvaltningsrevisjon som er omtalt i plana.

4. Dersom det oppstår noko uforutsett i planperioden, kan kontrollutvalet prioritere andre områder for forvaltningsrevisjon enn det som framgår som tema jf. Pkt. 1.

### **Kontrollutvalet si handsaming**

Sekretæren orienterte bakgrunnen for saka og innhaldet i saksutgreiinga.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

### **Sekretariatet si tilråding**

5. Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til Aukraa kommune sin plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2023, med følgjande tema:
  - Barn og unge, herunder barnevern
  - Spesialundervisning
  - Verksemda i kommunen sine selskap
6. Kontrollutvalet gjennomfører ein avgrensa kontroll for å vurdere om det er behov for å gjennomføre forvaltningsrevisjon i nokre av kommunen sine selskap eller interkommunale samarbeid. Om kontrollen syner et slikt behov, kan kontrollutvalet velge å prioritere å gjennomføre forvaltningsrevisjon i slike selskap og samarbeid.
7. Kontrollutvalet får fullmakt til å prioritere rekkefølga mellom tema for forvaltningsrevisjon som er omtalt i plana.
8. Dersom det oppstår noko uforutsett i planperioden, kan kontrollutvalet prioritere andre områder for forvaltningsrevisjon enn det som framgår som tema jf. Pkt. 1.

<b>PS 35/20</b>	<b>FORSLAG TIL PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2020-2023 – AUKRA KOMMUNE</b>
-----------------	--

### **Kontrollutvalet sitt vedtak**

1. Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til Aukra kommune si plan for eigarkapskontroll for perioden 2020-2023 som omfattar følgjande

Aksjeselskap:

- Aukra Industrieiendom AS

Andre selskap:

- Romsdal Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (RIR)
- Molde og Romsdal Havn IKS

2. Kontrollutvalet gjennomfører ein avgrensa kontroll for å vurdere om det er behov for å gjennomføre forvaltningsrevisjon i nokre av kommunen sine selskap eller interkommunale samarbeid. Om kontrollen viser eit slikt behov, kan kontrollutvalet velje å prioritere å gjennomføre slik forvaltningsrevisjon saman med eventuell eigarskapskontroll.

3. Kontrollutvalet får fullmakt til å prioritere rekkefølga mellom eierskap og selskap som er omtalt i planen.
4. Dersom det oppstår noko uforutsett i planperioden, kan kontrollutvalet prioritere andre eierskap og selskap enn det som framgår som tema jf. Pkt. 1.

### **Kontrollutvalet si handsaming**

Sekretæren orienterte bakgrunnen for saka og innhaldet i saksutgreiinga.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

### **Sekretariatet si tilråding**

1. Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til Aukra kommune si plan for eigarkapskontroll for perioden 2020-2023 som omfattar følgjande

Aksjeselskap:

- Aukra Industriendom AS

Andre selskap:

- Romsdal Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (RIR)
- Molde og Romsdal Havn IKS

2. Kontrollutvalet gjennomfører ein avgrensa kontroll for å vurdere om det er behov for å gjennomføre forvaltningsrevisjon i nokre av kommunen sine selskap eller interkommunale samarbeid. Om kontrollen viser eit slikt behov, kan kontrollutvalet velje å prioritere å gjennomføre slik forvaltningsrevisjon saman med eventuell eigarskapskontroll.
3. Kontrollutvalet får fullmakt til å prioritere rekkefølga mellom eierskap og selskap som er omtalt i planen.
4. Dersom det oppstår noko uforutsett i planperioden, kan kontrollutvalet prioritere andre eierskap og selskap enn det som framgår som tema jf. Pkt. 1.

<b>PS 36/20</b>	<b>UTTALE FRÅ REVISJONEN OM FORENKLA KONTROLL MED ETTERLEVINGA AV ØKONOMIFORVALTNINGA I AUKRA KOMMUNE 2020</b>
-----------------	--

### **Kontrollutvalet sitt vedtak**

Kontrollutvalet tek revisjonen si rapportering frå forenkla kontroll med etterlevinga av økonomiforvaltninga i Aukra kommune for 2019 til orientering med følgjande tema: **"Kommunen sine forpliktingar knytt til finansiering av fastlandssambandet Kjerringsundet".**

Kontrollutvalet rapporterer resultatet av kontrollen og kontrollutvalet si handsaming av saka til kommunestyret, og ber kommunestyret ta saka til orientering.

## Kontrollutvalet si handsaming

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor gjorde greie for funna i kontrollen. Utgangspunktet for kontrollen var om:

- Aukra kommunestyre har fatta bindande vedtak for delfinansiering av fastlandssambandet «Kjerringsundet»?
- Aukra kommune har ein bindande avtale med Møre og Romsdal fylkeskommune som vegeigar, om delfinansiering av fastlandssambandet «Kjerringsundet»?

Basert på dei utførte handlingar og innhenta bevis som revisjonen har gjort, er ikkje revisor blitt merksam på noko som gjev revisor grunn til å tru at Aukra kommune har inngått bindande forpliktingar knytt til fastlandssambandet «Kjerringsundet» i den perioden kontrollen omfattar.

Kommunalsjefen kunne stadfeste dette, og la til at det er rekkefølgebestemmelsar i denne saka. Først må Fylkestinget gjere eit positivt vedtak om at dette er eit vegprosjekt dei vedtek å sette i verk då dette blir ein fylkesveg med Fylkeskommunen som vegeigar. Så må det kome på plass ein avtale mellom Aukra kommune og Fylkeskommunen der Aukra kommune garanterer for sin del av finansieringa av prosjektet. Deretter må Fylkesmannen godkjenne denne garantien.

Saka i Aukra kommune om garanti kjem truleg ikkje opp i kommunestyret før i 2021. Det er styret i Kjerringsundet AS som skal drive fram saka.

Kontrollutvalet vurderer prosjektet som usikkert på bakgrunn av den informasjon som revisor og kommunalsjef har gjeve. Vil Fylkestinget fatte eit positivt vedtak om å sette i gang vegprosjektet? Møreaksen er her ein avgjerande faktor. Har Aukra kommune økonomisk handlingsrom til å stille ein økonomisk garanti, og på kva slags vilkår? Kontrollutvalet er kjent med at det er knytta usikkerheit til det framtidige nivået på eigedomsskatt i Aukra kommune, som er grunnlaget for finansiering og garanti for prosjektet. Vil Fylkesmannen godkjenne garantien?

Varamedlem Jørn Anders Thomassen fremma på denne bakgrunn forslag om at kontrollutvalet rapporterer saka og kontrollutvalet si handsaming og vedtak vidare til kommunestyret.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med framlegg framsett i møtet.  
(5 voterande)

PS 37/20	REVISJONS- OG KOMMUNIKASJONSPLAN 2020 – AUKRA KOMMUNE
----------	---

## Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet tek revisjonen sin presentasjon av kommunikasjons- og revisjonsplan for revisjonsåret 2020 til orientering.

## **Kontrollutvalet si handsaming**

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor gjorde greie for plana.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (4 voterande)

## **Sekretariatet si tilråding**

Kontrollutvalet tek revisjonen sin presentasjon av kommunikasjons- og revisjonsplan for revisjonsåret 2020 til orientering.

<b>PS 38/20</b>	<b>OPPFØLGINGSLISTE – AUKRA KOMMUNE</b>
-----------------	---

## **Kontrollutvalet sitt vedtak**

Kontrollutvalet beheld alle sakene på oppfølgingslista og ber om statusoppdatering på sakene til neste møte.

## **Kontrollutvalet si handsaming**

### Oppfølging av politiske vedtak

Kontrollutvalet ønsker til neste møte ei restanseliste over politiske vedtak kommunedirektøren enno ikkje har fulgt opp.

### Arbeidsmiljøutvalet (AMU)

Kontrollutvalet stiller spørsmål ved om det er rett at kommunedirektøren innstiller i sakene i AMU jf. sist møteinnkalling 16.09.20. Kontrollutvalet registrerer også at sakene generelt sett burde vore betre utgreia og opplyst gjennom sakspapira.

### Barneverntenester

Kontrollutvalet ber om ein statusrapport frå tenesta til neste møte sett i lys av dei utfordringar dei rapporterte i møtet i kontrollutvalet 18.02.2020.

### Omstillingsprosessen i omsorgstenestene i Aukra kommune

Kontrollutvalet syner til verksemdsbesøket på omsorgssenteret 22.09.2020 og følgjer opp vidare gjennom spørsmål som vart stilt og svar som vart gjeve.

### Forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlige anskaffelser i Aukra kommune»

Kontrollutvalet ber om ein statusrapport frå kommunedirektøren til neste møte på oppfølging av anbefalingane og relatert til det som vart orientert om i møtet i kontrollutvalet 18.02.2020.

### Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten «Brukermedvirkning i pleie og omsorg»

Kontrollutvalet syner til verksemdsbesøket på omsorgssenteret 22.09.2020 og følgjer opp vidare gjennom spørsmål som vart stilt og svar som vart gjeve.

Nestleiar fremma forslag om at kontrollutvalet beheld alle sakene på oppfølgingslista og ber om statusoppdatering på sakene til neste møte.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med framlegg framsatt i møte av nestleiar. (4 voterande)



Oddvar Hoksnes  
leiar

Oddbjørg  
Sporsheim  
nestleiar

Wilhelm Andersen  
medlem

Kristoffer J. Rød  
varamedlem

Jørn Anders  
Thomassen  
varamedlem

Sveinung Talberg  
sekretær